

Fysioterapi og ergoterapi

Kven er vi?	Fysio- og ergoterapitenesta består av ein fysioterapeut (100%) og ein ergoterapeut (100%). Tenestene held til på Solund Helsetun og har tilbod til alle innbyggjarar i Solund kommune. Tilbodet skal sikre at barn og unge får nødvendig helsehjelp, både førebyggjande og kurativt, samt at barn og unge mottar hjelp og rettleiing ved behov.
Kva tilbyr vi?	<ul style="list-style-type: none">• Tenesta tilbyr kartlegging av behov for både fysisk trening, rettleiing, samt tilrettelegging av kvardagen der det er behov for ergoterapeutiske tiltak, eks. hjelpemiddel.• Fysioterapi er gratis til born og unge 0-16 år. Ungdom over 16 år må betale eigenandel. Ergoterapi er ei gratis teneste til alle innbyggjarar.• Trening for gravide og foreldre i permisjon kvar veke. Fysioterapeut har også enkelte temagrupper på helsestasjonen.• Fysioterapeut er med på faste konsultasjonar på helsestasjon, ved 4 veker, 4 mnd. og 8 mnd. I tillegg blir barn tilvist til fysioterapeut og/eller ergoterapeut ved indikasjon, både frå fastlege, helsesjukepleiar og barnehage. Foreldre kan i tillegg ta kontakt ved spørsmål eller ynskje om rettleiing eller vurdering.• Fysio- og ergoterapeut tilbyr også individuelle eller generelle/gruppebaserte observasjonar av motorikk/motorisk miljø i barnehage og skule, samt tilpassing av stolar på skule. I tillegg har ein hatt «god skulestart»-prosjekt med fokus på motorikk, fysisk aktivitet og læring. Ergoterapeut har også opplæring i «Skrivedans».• Fysio- og ergoterapeut samhandlar tverrfagleg med aktuelle tenester, t.d. helsesjukepleiarar, PPT, barnehagepersonale, skule, spesialisthelsetenesta og foreldre, for å sikre rettleiing og god oppfølging av barn og unge.
Målgruppe	Tenestene skal sikre lovpålagt tilbod om nødvendig tilrettelegging og oppfølging av innbyggjarar i alle aldrar. Ein skal særleg tenke førebygging rundt barn og unge.
Korleis kontakte oss?	Fysio- og ergoterapitenesta held til på Solund helsetun. Alle kan ta kontakt direkte via telefon, e-post eller sende tilvisningar på papir.
Aktuelle dokument	